

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
20. 01. 2016	
Hjelmåsen as v/ Geir Styve Hjelmåsen 37, 5915 Hjelmås	
Apalen Sør as v/ Magnar Tangen, Burkhovdane 1, 5915 Hjelmås	
Aff. Saksnr.	Tilleggs saksnr.
16/219	
Saksnr.	Tilleggs saksnr.

Lindås kommune v/ **Ordfører Astrid Aarhus Byrknes**, og leiar PMU Ståle Hauge
 Postmottak
 Kvernhusmyrane 20
 5914 Isdalstø

17.01.2015

Ynskje om møte med politisk nivå vedrørande rekkefølgjekrav i byggjefelt.

Vi ynskjer eit snarleg arbeidsmøte mellom selskapa sine styreformenn, og politisk nivå i Lindås kommune. Vi ser for oss at Ordfører og leiar i Plan- og MiljøUtvalet (PMU) må vere dei rette funksjonane å vende seg til. Målet med møtet er å sjå framover heller enn bakover, og leite etter løysingar som alle kan leve med, i høve til den problemstillinga vi kort skisserer nedanfor. På sjølve møtet vil vi naturlegvis gå breiare inn i saka sin bakgrunn, konsekvensar, løysingsalternativ og kan evt. framskaffe naudsynt dokumentasjon. Vi ber Ordfører finne ein dato og kalle inn så snart som råd er.

Bakgrunnen for vårt ynskje er rekkefølgjekravet som i si tid vart fremja som ein politisk «benkeforslag» under første gangs slutthandsaming av reguleringsplan for Helleåsen bustadfelt. Det vart som fylgje av dette vedteke krav om gang og sykkelveg på strekkja frå Hjelmås Kapell til kryss i Hillesvåg. Kravet vart seinare moderert til at det kunne byggjast ut 8 bueingar før rekkefølgjekravet slo inn. Seinare har Apalen Sør as fått tilsvarande rekkefølgjekrav.

Begge selskapa innser at ingen av dei kan klare dette åleine, og er difor sterkt innstilt på samarbeid med kvarandre, og med myndigheter, mot felles mål. Vi har brukt storer ressursar på regulering, prosjektering, kalkulering og møter vedrørande gang- og sykkelvegen. Vi har også banka på alle dei dører som vi kjenner til for å få til tekniske løysingar på rekkefølgjekravet.

Pr i dag meiner Statens Vegvesen at kostnad for gang- og sykkelsti ligg i storleiksorden 10-12 millionar. Dei krev at alt skal byggjast i tråd med Statens Vegvesen sine handbøker og normalar. Dei tek også atterhald om eventuell naudsynt masseutskifting av eksisterande veg, og om fjellsikringstiltak pga dårleg bergart. Skjæringane vert nemleg opp mot ca 15 meter høge.

Rundt rekna er vi då oppe i storleiksorden 200.000 i rekkefølgjekrav pr bueining. Dette er det umuleg for utbyggjarane å gå inn i, også med tanke på tilleggsrisikoen.

Det er denne situasjonen vi må finne løysingar på. Heldigvis er det brei politisk semje om få løyst slike saker på rask og rettferdig vis. (Sjå vedlegg). Vi har med oss konkrete forslag til møtet. Det som er i ferd med å skje no, er at utbyggjarane vurderer å «kaste korta». Dermed har eit «100%-krav» om trafikkisikring medverka til at det vert «0% betring», og det for lang tid framover.



Geir Styve
Styreleiar Hjelmåsen as



Magnar Tangen
Styreleiar Apalen Sør as

#kandulove

Velgerna spurte – politikarne svarte

Til politikarne i Lindås

Kan du love at bustadprosjekt og utbyggjarar vil oppleve rettferdige krav, rekkefølgekrav og godt samarbeid med kommunen for å få til nybygging og tilflytting?

Hilben Heidi Styre, Hjeltnås

Ja **Bjarte Vatnøy, Fremskrittspartiet**



I Lindås har vi utfordringer med at rekkefølgekrav har blitt alt for store, og at planarbeidet tar for lang tid. Lindås FrP etterspurte tilbakemelding fra utbyggere og innbyggere og byggeavdelinga og rådmannen utførte denne som del av LEAN. Tilbakemeldingene viste at man trenger ny kurs i Lindås. FrP skal sikre dette med JA stempelet inn på plan og byggesak, og at man holder seg til mulighetene i plan og bygningsloven som er en JA lov.

[Se alle svar fra Fremskrittspartiet](#)

Ja **May Eva Sandvik, Høyre**



Hei Heidi:)) Ja, det kan eg love. Undertegna m fl har mange gonger teke opp med rådmannen at me har eit forbedringspotensiale i etaten når det gjeld kommunikasjon, service og tilgjengelighet. Dette arbeidet er no starta og me har tillit til at dette vert bedre. Lindås Høyre ynskjer nybygging og tilflytting, og eit godt samarbeid mellom off/utbyggjar/innflyttarar. Lindås k SKAL være ein JA kommune, der ein ser på muligheter og ikkje begrensningar.

[Se alle svar fra Høyre](#)

Ja **Nina Bognøy, Arbeiderpartiet**



Det er viktig at Lindås får til nybygging og tilflytting. Ap vil arbeide for at det skjer, men ein må ha ein vilja og styrt utvikling. Utfordringar rundt trafikk og infrastruktur må løysast i samarbeid med utbyggjar. Ein må ha bærekraftige prosjekt som er økonomisk realiserbare Det er ei utfordring med utbyggingsplanar som ikkje vert realisert, desse kan ubevist ligga føringar for andre nyetableringar.

[Se alle svar fra Arbeiderpartiet](#)

Ja

Jon Torstein Bakken, [Miljøpartiet De Grønne](#)



Der hvor det er mulig å forbedre prosesser vil Miljøpartiet Dei Grøne i Lindås selvsagt bidra til det. Nybygging og tilflytting er viktig for kommunen, og vi i Miljøpartiet Dei Grøne i Lindås vil sørge for at dette gjennomføres på en slik måte at vi som bor her kan ha glede av vår del av Hordaland også i generasjonene som kommer.

[Se alle svar fra Miljøpartiet De Grønne](#)

Ja

Peder Jøsendal, [Sosialistisk Venstreparti](#)



Lindås er en flott kommune i vekst, og vi vil jobbe for grundig, rettferdig og positiv saksbehandling. Lindås SV ønsker at seriøse og samvittighetsfulle utbyggere skal møtes av et effektivt og positivt kommunalt apparat.

[Se alle svar fra Sosialistisk Venstreparti](#)

Ja

Astrid Aarhus Byrknes, [Kristelig Folkeparti](#)



Hei. Vi skal alltid tilstrebe at krav, rekkefølge krav i bustadprosjekt skal vere rettferdige. Vi ynskjer nybygging og tilflytting, og vi må ta heile kommunen bruk. Så JA, dette er viktig. Kommunen må heile tida tenkje heilskap, og difor bruker ein utbyggingsavtaler slik plan og bygningslova tilseier.

[Se alle svar fra Kristelig Folkeparti](#)

Ja

Anna K. Valle, [Senterpartiet](#)



Lindås SP har programfesta at partiet vil arbeida for at næringslivet og innbyggjarane opplever effektiv og god sakshandsaming i kommunen.

Å sei noko generelt om rekkefølgekrav er vanskeleg, men kommunen må ha ein god dialog med utbyggjarane, og dersom krava gjeld veg der også fylkesveg er involvert, må vegvesen også inn i dialogen.

[Se alle svar fra Senterpartiet](#)

Ja

Sveinung Toft, [Venstre](#)



Ja, og med gode prosessar slik lova krev, skal me og sikra at det vert lett å følgja med på kva som vert vedteke av utbyggingsavtalar og reguleringsplaner.

[Se alle svar fra Venstre](#)

Ja

Bjørn Humblen, [Partiet De Kristne](#)



PDK vil leggja særleg vekt på dette ilag med fylket og, dei som forvalter til ei kvar tid gjeldane lover og regler. I programmet vårt vil vi generelt jobbe for -Livskraftige bygder.

[Se alle svar fra Partiet De Kristne](#)

DISSE HAR IKKE SVART:

Spørsmålet ble publisert 7. aug. kl 18: